



Årsmelding 2018

Bø Turlag

Styret 2018

Arne Hjeltnes (leiar)
 Jarle Tyvold (kasserar)
 Tor Lønnestad (skrivar)
 Ingrid Askildt
 Øystein Akselberg

Revisor: Jan Lepperød

Varamedlemmer:

Ingrid Bergane
 Halvor R. Gåra
 Wenche Kristine Rulnes Røstad
 Thorvald Amundsen
 Synnøve Tryggestad

Nemnder, representantar i andre lag og valkomité

Turstinemnd:

Inge Bø, leiar og turområdeansvarleg
 Thorvald Amundsen

Turlagets representantar i Bø Løypelag:

Per M. Holtung
 Einar Fagerås

Turknappnemnd:

Håvard Hogstad Erikstein
 Halvor Gåra
 Morten Rask Arnesen
 Solvor Marie Brukås Folkestad

Valkomité:

Bente Dysthe
 Margit Ryen Steen
 Per Johan Nordvik

Styreaktivitet og medlemstal

Årsmøtet i 2018 blei halde på Sandvin tysdag 27. februar. Styret har hatt fire møte i 2018: 5/2, 4/4, 29/8 og 29/11. Laget hadde 296 medlemmer i 2018 mot 331 i 2017.

Turprogrammet 2018

Kom-deg-ut-dag Nordbøåsen – søndag 21. januar

I regi av Barnas Turlag.

T/R Jønnbu – Blomtjørneggi – søndag 25. februar

Turleiar Jarle Tyvold. 9 deltakarar. Gode pauser på Hollane. Flott skiføre, skiftande skydekke, ingen vind. Trolsk lys gjennom tynne tåkeskyer og flott nedkjøring frå Blomtjørneggi.

Lifjell på langs – søndag 11. mars

Turleiar Gunleiv Brukås. 16 (20) deltakarar. Kjørde med to maxi taxiar, kom opp utan problem. Litt dårleg sikt over fjellet, litt vind og mange kuldegrader. Nyoppkøyrd løype heile vegen. Masse sno og topp skiføre. Lang god kaffi og vaffelpause på Hollane. Det var meldt dårleg ver, difor vart det ikkje med så mange.

Skileik på Lifjell – søndag 18. mars

I regi av Barnas Turlag.

Ølsbru - Lauvtjønn – tysdag 17. april

Måtte avlysast då det var mykje snø i terrenget.

Jomfruland – søndag 22. april

Turleiar Halvor Gåra. 18 deltakarar. Avreise frå Bø 8.40. Ruth Ellegård møtte oss på brygga og viste rundt. Fugletårnet, Utsida og Eikeskogen. Matrast på benkane på Ankerplassen. Gjekk så til Hovedgården, Rullesteinstranda, Tårntjenna og Tårnet. Ruth fortalte om Jomfruland før og nå og avslutta guidinga ved den gamle skulen og Velhuset. Ho fekk skryt for omvisinga. Etter dette gjekk me sørover til Aasvik camping der Turid serverte slåpelikør. Nokre fekk seg også eit betre måltid på Haga. Tok ferja tilbake 18.30 og var i Bø litt over kl 21. Sol halve dagen, så kom litt havtåke. Mykje kvitveis, men på topp 1 - 2 veker seinare.

Trollsafari i Brekkegrend – søndag 22. april

I regi av Barnas Turlag.

Børtehytta med krigshistorie – tysdag 8. mai

Turleiar Asle Bø. 10-12 deltakarar.

Fugletur på Nesodden – søndag 13. mai

Turleiar Øyvind Steifetten. I samarbeid med Naturvernforbundet. 10-12 deltakarar, greitt ver, men lite fuglesong. Ein av deltakarane fann ein moseart som er ny i Noreg på turen!

Forbergåsen med grendehistorie – tysdag 22. mai

Finn Rønning var levande kåsør der me vandra roleg rundt åsen. Ca 30 deltakarar. Starta frå Bruserud og gjekk medsols og fekk historia om gardsdelingar og husmannsplassar. Rast på Åsland på Bakåssida.

Vardefjell i Lunde – tysdag 29. mai

Turleiar Thorvald Amundsen. 12 deltakarar. Flott ver og triveleg tur.

Kanotur – søndag 10. juni

I regi av Barnas Turlag.

Aktivitetsdag på Jønnbu – tysdag 12. juni

Turleiar Lars Lyngdal. God stemning!

Valjuvshola og Valjuvsnatten – tysdag 19. juni

Turleiar Halvor Gåra. Ca 15 deltakarar. Fin kveldstur med sol og vind. Dette var ein tur som Gvarv Turlag også deltok på, så fleire kom frå Sauherad. Kjørde til Røksbuparkeringa, bratt opp til Valjuvshola, og 4 stk krabba forbi den store steinen og kom seg inn. Matrast ved fjellvegg like nord for hola i le for vinden. Gjekk til topps på Valjuvsnatten og hadde ein kort stopp der med fotografering. Retur ned stigen frå Langetjønn. Var innom "banken" på nedtur.

Maskat – søndag 19. august

Turleiar Bjørn Steen. 13 deltakarar. Turen gjekk frå Svalbjørgtjønn til Kirsaldstjønn og vidare på ny stig til Gvarv Turlags område forbi Gulnostjønn til Tveittjønn. Etter ei lang matpause i godveret gjekk vi bratt opp til toppen av Maskat med utsyn i alle retningar. Gode pausar på toppen og ved utsiktspunktet over Solbjørgvatnet. Etter om lag 6 timar var vi attende ved bilane. Flott terreng og mange fine utsiktsstader, men det er fleire lange myrer på Sauheradssida der stigen burde ha vore lagt på ryggane i staden.

Slettefjell frå Årmodalen – søndag 26. august

Turleiar Halvor Gåra. 11 deltakarar. Samkøyring til Grønbygil. Gjekk til Gavlesjåhytta der turleiaren fortalte om historia til hytta. Følgde så stigen mot Tjønnstul og vidare merkinga mot Slettefjell. Matrast på eit fint utsiktspunkt på veg mot toppen. Slettefjell har eit fint toppparti med utsikt mot Heksefjell, Mjelladalen og store delar av Lifjell. Skreiv i boka og tok gruppebilde. Nedtur langs stigen til Gavlesjåstulen. Her var det folk- og dyreliv, og gruppa slo seg ned med rjomegraut, kaffi og vaffel.

Kom-deg-ut-dag Hellos – søndag 2. september

I regi av Barnas Turlag.

Sopptur – tysdag 4. september

Turleiar Bjørn Steen. 6 deltakarar, 1 under 16 år. Soppturen gjekk i Breisås. Veret var bra, men det var dårleg med matsopp grunna den turre sommaren. Dei som var med, fekk likevel skildring av nokre vanlege artar.

Blefjell – søndag 9. september

Wenche K. Rulnes Røstad måtte avlyse turen grunna tett tåke og mykje regn.

Topptur til Gygestolen – søndag 23. september

I regi av Barnas Turlag.

Bømarsjen på Lifjell – søndag 23. september

66 deltakarar, av desse 9 under 16 år. 36 gjekk lang løype og 30 gjekk kort. Start og stopp på parkeringa, Jønnbu, og matstasjon i Bestemorsløyfa, Krintokleiva. Strålande haustver men litt kald vind. Bø og Lifjell Turridding stilte opp med kløvjing.

Nissegraut i Evjudalen – søndag 9. desember

I regi av Barnas Turlag.

Trilleturar

For dei som er heime med små – treffast og trille saman kvar tysdag kl 11. Turen tek gjerne om lag ein time, deretter er det sosialt samvær på Meierismuget eller Husly.

Rusleturar

Korte rusleturar i sakte tempo gjerne i mindre grupper. Det er oppmøte i Gullbring tysdagar kl. 11, rusling og «innkomst» kl 12. Så er det hyggeleg prat over ein kaffikopp i Gullbring etterpå. Antal deltakarar varierer men er typisk 5-10. I samarbeid med Oterholt Helselag, Bø Røde Kors, Bø og Sauherad Revmatikerlag, og Aktive Eldre.

Turstiar - arbeid utført i 2018

Lifjell

Vanleg ettersyn av alle stiane og ny merking frå parkeringa til Jørunnatten. God kvalitet på stiane i år med tørt sommarver og skiltstolpane er i god stand. To nye bruer blei ferdigstilt ved Holmendammen i juni. Som kjent blei trevirke og telefonstolpar frakta inn i samarbeid med Fiskelaget i vinter og arbeidet med bruene blei også gjort saman med dei.



I oktober låg den eine brua velta ut i vatnet, truleg av sterk vind. Nesten utruleg, brua veg omtrent 1 tonn. Brua er på plass igjen og begge to er nå godt forankra med kjetting. Turstien frå Kloppsteintjønn ned til elva i Oksladalen er rydda og raudmerka på nytt. Det same er gjort på stien til Falkefjell og stien ned Hellerdalen-Nybuseter -Skrubbehiet. Den nye stien mellom Kloppsteintjønn og Holmendammen blir betre når fleire har gått der.

Det var stor dugnad i haust med grusing over myrparti på stigen opp mot Krinto og nye plankar er lagt over nokre parti. Anebulia er rydda, og flytta på store steinar. I bakken opp frå Jønnebu parkering er det brukt gravemaskin for å lage grøfter, da denne er utsatt ved kraftig regn. Tor O Sisjord organisera dette. Infoskilt og tavle er og flytta/forbeta ved Bestemorhytta i Krintokleiva.

Gyrestolen

Ein runde med motorsaga i vår. Det var litt trefall etter vinteren.

Breisås

Stiene i Breisås er stort sett veldig bra. Det er rydda nedfall av tre både langs stiar og skiløyper, mest i nedre del av Breisås. Ny klopp over bekken ut fra Børteputten og over bekken i Sandbakkdalen. Nederst i Midlingløypa -Espesettfeltet er den store brua forbetra. Stien opp frå Maurtuva er rydda.

Håsårdhåtten Kulturminneområde

Litt rydding og arbeide etter trefall. Fleire bruer er utbetra i Spinnestien og i Bordvegen. Tilvekst med tre, busker og gras er rydda bort. Det er fortsatt terrengsykling i stien som øydelegger i dei våte områda. Plakat om sykling forbode synast ikkje å hjelpe.

Høyslass-Bruskor

Mykje trefall som måtte ryddast med motorsag. Oppfrisking av blåmerking nokre stader. Stiane visar tråkk etter mykje trafikk, særleg til Høyslass. Tavla på Nordbøåsen vart fornya. Plakatane på alle oppslagstavlene er nye, og nokre få nye skilt er sett opp.

Bryggefjell

Lite arbeid på området i år, løypa er heilt grei. Ny infoplakat er sett opp ved Skjentjønn. Arbeidet med ny, større parkeringsplass starta opp.

Bøelva frå Oterholt til Folkestadbrua

Ein del trefall, klypping og rydding av stiar og husmannsplassar. Har også køyrd scooter i vinter for at stien skulle vera lett å gå.

Bøelva frå Folkestadbrua til Gårabru

Kvaliteten på stiane er bra, men litt steinete og vått på sørsida. Informasjonsskilta skal vera i orden. Det er bytta eit skilt ved Gårabru, og skiltet ved Vaskarberga er borte og bør erstattast. Rydding med handsag, og elles tatt vindfell etter uver. Klopp lagt ut like sør for Folkestadbrua der det er vått og gjørme sig inn på stigen. Runden er slått med ljå ein gong.

Årmoddalen

Vanleg vedlikehald, alle stiane er rydda, og fornya nokre skilt. Ein del snøbrekk. Lite trafikk i Bukkelifjellet, meire over Gamlestulfjellet da Gulltrimmen hadde postar her.

Ølsbru-Vermelia-Lauvtjønn

Lite å gjera, stien er bra.

Folkestadåsane

Turstiene er stort sett i bra stand. Utbetra og laga nye klopper i rundløypa Folkestadfeltet-Dansarberget. Nymerka løypene på Folkestadåsen og Rallevegen-Ølsbru. Rydda vindfall og toppbrekk.

Nytt retningskilt for Trytetjønn ved Rallevegen er sett opp, men er dessverre rive ned igjen og forsvunne. Noko vindfall her. Ei ny bru over bekken er sett opp, men har blitt rive ned to gonger. Nå er den sett opp att.

Maskat - ny tursti ferdig

Dei nye turstiane som vart ferdige i fjor er bra, det same er infotavla med kart og omtale.

Generelt er stiane i god stand og mykje bruka, men sykling gjev ekstra slitasje. Løypekoordinator gjer framlegg om å setje opp stivettreglar frå Norsk Organisasjon for Terrengsykkel.

Som før – godt samarbeid med Notodden Turlag, Seljord Turlag og Gvarv Turlag.

Stor takk for alt arbeid som er utført i 2018!

Turstiar – prosjekt 2019

- Fullføre arbeidet med ny, stor parkeringsplass ved Innleggen.
- Litt ekstra arbeid i Breisås etter stor hogst i Borgjaskogen.
- Fornye tau på Høyslass.
- Fornye kart og skilt langs Bøelva
- Utplassere gåvebenk på nordsida av Bøelva

Turknappen 2018

For 2018 er det levert inn 21 skjema til turknappen, mot 23 skjema i 2017. Detaljar kjem som eiga sak.

Andre aktivitetar 2018

- Turlaget samarbeider no med Gvarv Turlag om turprogram og brosjyre.
- Prosjekt «Utsiktstavle på Øysteinnatten» er i gang, leia av Tor O Sisjord.
- Turlaget deltok på styresamling for lokallag i DNT-Telemark 11. september. Det er stor interesse frå DNT-Telemark for samarbeid med dei laga som står utanfor DNT.

Turlaget på internett

På turlaget sine heimesider boturlag.no finn ein kart og omtale av turområda samt informasjon om og annonsering av turane. Dessutan nyttar turlaget Facebook til å annonsere turar som kjem, og fortelje om turar vi har hatt. Kom gjerne med bilete frå turar!

Lagets økonomi

Rekneskap for 2018 kjem som eiga sak, men styret meiner at Bø Turlag har god økonomi.

Konklusjon

2018 har vore nok eit aktivt og godt år for Bø Turlag!

Arbeidsplan 2019

I tillegg til den ordinære drifta, som omfattar å organisere turar, vedlikehalde stinettet og jobbe med politiske sakar som gjeld friluftslivet i Bø, vil vi jobbe med nokre få større prosjekt:

- Fullføre utviding av parkeringa ved Innleggen.
- Sette opp utsiktstavle på Øysteinatten.
- Halde fram forsøksdrift med vintergåløype langs nordsida av Bøelva frå Oterholt til Folkestadbrua, køyre opp traséen med snoskuter når det trengs.
- Det er på gang eit opplegg for lågterskel tilrettelegging på Jønnbu (Krintofjellet rundt) i samarbeid mellom kommunen, reiselivet i Midt-Telemark, DNT, Bø Turlag, prosjektet "Vandre i Telemark" og Lifjellstua. Barnas Turlag og Lifjell-gjengen er også invitert. Neste møte i marka er 21. mai.
- Det er teke initiativ til å lage eigen trasé for terrengsykling. Bø Turlag stiller opp på møte 7. mars.

Bø, 26. februar 2019

Styret i Bø Turlag